



Her vert det laga middag over ope bål. Karsten André i samtale med instruktør Gunnlaug V. Tjelmeland.

Kvinnherad Turlag arrangerte i helga grunnleggjande turleiarkurs. Etter kurset vart 9 nye turleiarar godkjende, og mellom dei var Karsten André Haugland frå Uskedalen. Han var yngst på kurset, og frå turlagshald vert det sagt at det var gledeleg at det var fleire ungdommar mellom kursdeltakarane.

Kurset vart arrangert av Kvinnherad Turlag etter retningslinjer frå Den Norske Turistforening.

Oppmøtet var i Handelandsdalen laurdag morgon kl 10, og kurset gjekk då samanhengande fram til søndag kl 17. Overnattinga var på Ternebu.

Viktige tema på kurset var:

- Grundig kunnskap om kart og kompass
- Turleiarrollen
- Bekledning, utstyr, mat og drikke
- Turplanlegging
- Turglede og motivasjon av deltakarane

Kurset hadde som hovudmål å utdanna turleiarar som etter gjennomført kurs og godkjenning, kan vera turleiar på turar som vert arrangert av medlemsforreingar i Den Norske Turistforening. For Karsten vert det i hovudsak turar arrangert av Kvinnherad Turlag.

Det vert meldt at han gjennomførte kurset på ein god måte og fekk godkjenning.

Kvinnherad Turlag seier at dei er svært glade for at ungdommar deltek på kursa. På denne måten viser dei at dei vil delta i det frivillige arbeidet som Kvinnherad Turlag driv. Kvinnherad Turlag har som mål å få fleire ungdommar med, og på den måten skapa eit aktivt ungdomsmiljø. I dette viktige arbeidet vonar dei at Karsten vert ei viktig brikke i dei kommande åra.

Kursleiarar i helga var Kjell Yri, Gunnlaug Vågen Tjelmeland og Anne Kari Enes.



Ein samla kursgjeng.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kjell Yri